



Arkivnr: 2014/19680-19
Saksbehandlar: Marta Rongved Dixon

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		31.10.2019

Oppseiing av avtale mellom Fjord Norge AS og fylkeskommunane

Samandrag

Hordaland fylkeskommune har, på lik linje med fylkeskommunane i Rogaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal ein gjeldande avtale om årleg tilskot til Fjord Norge AS.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i hovudutvalet for næring og kultur 1. oktober 2019 vedtatt å seie opp avtala mellom Fjord Norge AS og fylkeskommunane. Fjord Norge AS er no i ferd med å utarbeide ny strategi for arbeidet sitt som følgje av endringar i marknaden. Samtidig går fylkeskommunane i Sogn og Fjordane og Hordaland saman til Vestland fylkeskommune. Dette gjer at det er behov for å gjere endringar i avtala mellom fylkeskommunane og Fjord Norge AS. Oppseiinga på den gjeldande avtala er eitt år. Dvs at ei oppseiing før nyttår i 2019 medfører at avtala står ved lag fram til årsskiftet 2020/-21.

Økonomi: Fjord Norge AS får under dagens avtale 3 MNOK i tilskot årleg frå Hordaland fylkeskommune

Klima: Ingen effekt

Folkehelse: Ingen effekt

Regional planstrategi: Ingen effekt

Forslag til vedtak

1. Dagens partnerskapsavtale med Fjord Norge AS vert sagt opp.
2. Det vert innleia eit arbeid med å tinge fram ei ny avtale.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 01.10.2019

1. Bakgrunn for saka

Fjord Norge AS er landsdelsselskapet for dei fire Vestlandsfylka. I tett samspel med destinasjonsselskapa og næringa skal Fjord Norge AS leie det internasjonale marknadsarbeidet for Vestlandet. Fjord Norge sin visjon er å vere det mest profesjonelle og slagkraftige landsdelsselskapet i Europa. Selskapet skal posisjonere Fjord Norge som verdas mest attraktive destinasjon for naturbaserte opplevingsferiar.

Fjord Norge AS er no i ferd med å utarbeide ein ny strategi for arbeidet sitt som følgje av endringar i marknaden. Samtidig går fylkeskommunane i Sogn og Fjordane og Hordaland saman til Vestland fylkeskommune. Dette gjer at det er behov for å gjere endringar i avtala mellom fylkeskommunane og Fjord Norge AS. Oppseiingstida på den gjeldande avtala er eitt år. Det vil seie at ei oppseiing før 31. desember 2019 medfører at avtala står ved lag fram til årsskiftet 2020/-21.

Gjeldande partnerskapsavtale gjeld frå 1. januar 2016 og inntil vidare og har ei årleg ramme ofr partnerskapsbidrag på 3 mill. kr. Jf. vedlegg.

2. Vurdringar og konsekvensar

Hordaland fylkeskommune har ein aksjepost i Fjord Norge AS (74 aksjar, 8,91 %), likt med dei andre fylkeskommunane på Vestlandet. Samla utgjer dei fire fylkeskommunane den største eigaren. Vel så viktig er det at vi yter tre millionar kroner årleg i tilskot til selskapet, også dette likt for dei andre fylka. Dette utgjer til saman vel 12 millionar kroner frå fylka til Fjord Norge AS.

Å drive internasjonal marknadsføring krev spisskompetanse og langsiktig satsing for å lukkast. Frjord Norge AS er eit landsdelsselskap som gjennom fleire års arbeid har vore med å gjere Vestlandet og Hordaland kjent langt ut over våre eigne landegrensar. Deira arbeid er avgjerande for at fylkest skal nå opp i konkurransen om turistane på verdsmarknaden.

Marknadsføring er i endring. Det er ikkje nok å vise fram eit vakkert bilde av ein stad for å trekkje til seg dei turistane ein ynskjer. Ein må skape historier, spele på det lokale og særreigne. Ein må bruke ulike strategiar avhengig av interessene til kundane. Det er ikkje lenger nok å differensiere på nasjonalitet, alder og kjønn. På bakgrunn av dette er Fjord Norge AS no i ferd med å utvikle ein ny strategi, i samarbeid med destinasjonsselskapa, næringa og fylkeskommunane. Når denne er klar vil det derfor være behov for ei ny avtale mellom fylkeskommunane og Fjord Norge AS.

Fylkeskommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane skal no slå seg saman til Vestland fylkeskommune. Også dette gjer at det er behov for å endre avtala.

I avtala med Fjord Norge AS står det at oppseiingstida på avtala er eitt år. Dette betyr at dersom ein skal ha ei ny avtale klar frå 1. januar 2021 må ein seie opp gjeldande avtale no. Det gir oss også eitt år til å forhandle fram ei ny avtale.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen går inn for at dagens avtale med Fjord Norge AS vert sagt opp, og at det blir innleia eit arbeid saman med dei andre fylkeskommunane på Vestlandet der ein tingar fram ei ny avtale.